



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 102 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i postloven (heimel for innhenting av opplysningar som er omfatta av teieplikt i Folkeregisteret)

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 14. april 2023,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Proposisjonen sitt hovudinnhald

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen å gjere ei endring i lov av 4. september 2015 nr. 91 om posttjenester (postloven).

Endringa dreier seg om å etablere ein lovheimel i postloven for innhenting av opplysningar som er omfatta av teieplikt i Folkeregisteret.

2 Bakgrunn

Den foreslåtte endringa kjem som følge av at leveringspliktig tilbydar av posttenester etter postloven har behov for informasjon frå Folkeregisteret om klientadresser i den lovpålagte drifta av eit adresseregister. Ei klientadresse er ei adresse som røper eit klientforhold som må reknast som personleg, og opplysningar om slike adresser er omfatta av teieplikt.

Forslaget har ikkje vore på høyring. Etter departementet si vurdering får etableringa av lovheimelen berre verknad for Posten Norge AS (Posten), som er utpeika som leveringspliktig tilbydar, og for Skatteetaten. For personar som har klientadresser, har departementet vurdert det slik

at endringa er til fordel for dei, då det sikrar at deira adresser vert skjerna i Posten sitt adresseregister i tråd med teieplikta i postloven. Høyring må difor kunne reknast som «åpenbart unødvendig» i denne saka, jf. utgreiingsinstruksen punkt 3-3 andre ledd, tredje strekpunkt.

3 Forholdet til personvernforordninga

Departementet har tatt stilling til om Posten, som leveringspliktig tilbydar, si innhenting av opplysningar om klientadresser er i strid med personvernforordninga. For Posten er det naudsynt å få informasjon om ein person har ei klientadresse for å sikre at dei handlar i tråd med teieplikta i postloven når dei driftar adresseregisteret sitt. Det dreier seg difor om handsaming av opplysningar som er naudsynte for å oppfylle «en rettslig forpliktelse som påhviler den behandlingsansvarlige» i samsvar med artikkel 6 bokstav c i personvernforordninga. Departementet si vurdering er at det handlar om ei avgrensa og rettsleg forankra handsaming for Posten, som difor ikkje er i strid med personvernforordninga.

4 Endringar i postlova

4.1 Behovet for etablering av lovheimel

Ei klientadresse røper som nemnt eit klientforhold som må reknast som personleg. Eit døme på eit slikt klientforhold er at personen er busett på institusjon (til dømes fengselsinstitusjon eller psykiatrisk institusjon). Adressene er då omfatta av teieplikt etter folkeregisterloven § 9-1.

Som leveringspliktig tilbydar av posttenester, pliktar Posten å drifte eit adresseregister i samsvar med postloven § 37 første ledd. Samstundes pliktar Posten å tilby tilgang til adresseendringar for andre registrerte tilbydarar av posttenester, jf. § 37 andre ledd, utan at dette bryt med teieplikta etter § 30.

Posten driftar adresseregisteret sitt blant anna ved at privatpersonar og bedrifter melder flytting eller etablering av nye postadresser direkte til Posten. Posten har difor ikkje behov for å ta imot bustadadresser frå Skatteetaten i samband med drifta av adresseregisteret. Posten er derimot avhengig av informasjon frå Skatteetaten om at ein folkeregistrert person har ei adresse som er omfatta av teieplikt i Folkeregisteret. Dette skal sikre at adresser som fell under teieplikta ikkje vert distribuert vidare frå Posten gjennom den pålagte drifta av adresseregisteret.

Dette kan løysast ved at Posten får opplysningar frå Skatteetaten om at ein folkeregistrert person har ei adresse som er omfatta av teieplikt. Ved hjelp av denne opplysninga kan Posten identifisere og unnlate å dele informasjon om denne adressa frå adresseregisteret.

Skatteetaten har ansvaret for utlevering av opplysningar frå Folkeregisteret. Utlevering av opplysningar som er omfatta av teieplikt, krev heimel i lov, jf. folkeregisterloven § 10-2 første ledd. Slike heimlar må følgje av regelverket som gjeld for dei ulike saksområda.

Posten får ikkje sjølve klientadressene frå Folkeregisteret, men dei får informasjon om at ein person har ei klientadresse. Opplysningane Posten får frå Folkeregisteret gir ikkje informasjon om kvar ein person har ei klientadresse og kva klientforhold personen har, men gjer det mogleg for Posten å skjerme denne personen si adresse i adresseregisteret sitt. At ei adresse er registrert som ei klientadresse i Folkeregisteret, røper samstundes indirekte «et klientforhold eller andre forhold som gjør at opplysningene må anses personlige», jf. folkeregisterloven § 9-1 andre ledd første punktum. Slike opplysningar er dermed omfatta av teieplikt, og dei blir berre delt

gjennom Skatteetaten si delingsteneste til verksemder som har heimel i lov til å innhente folkeregisteropplysningar utan hinder av teieplikt.

For at Posten, som leveringspliktig tilbydar av posttenester, skal kunne få opplysningar frå Folkeregisteret om at ein folkeregistrert person har ei klientadresse, må det difor liggje føre ein heimel for dette i postloven.

4.2 Departementet si vurdering

Departementet har i dialog med Finansdepartementet, som forvaltar folkeregisterloven, kome til at det må etablerast ein heimel i postloven som gir den leveringspliktige tilbydaren av posttenester heimel til å innhente opplysningar om klientadresser i samband med drifta av adresseregisteret.

Etter at ny folkeregisterlov vart sett i verk 1. oktober 2017, har tilsvarende lovheimlar for innhenting av opplysningar som er omfatta av teieplikt i Folkeregisteret, vorte etablert i mellom anna politiloven § 29 a, domstolloven § 63 b og i vegtrafikkloven 43 c. Forslaget departementet legg fram har tilnærma tilsvarende ordlyd som desse heimlane. Departementet meiner denne ordlyden dekkjer det ein ønskjer å oppnå med lovheimelen.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Den foreslåtte endringa er ei mindre endring som ikkje har vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar for leveringspliktig tilbydar av posttenester eller for Skatteetaten.

6 Merknad til lovforslaget

Til postloven § 37 a

Forslaget til ny § 37 a i postloven opnar for at opplysningar som er «nødvendige» for utføring av lovpålagte oppgåver Posten har som leveringspliktig tilbydar, kan innhentast frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikt. Kravet om at opplysningane må vere «nødvendige» for utføring av lovpålagte oppgåver, medfører at den leveringspliktige tilbydaren ikkje har heimel til å innhente opplysningar utover dette behovet.

Eit døme på «nødvendige» opplysningar er opplysningar om personar si registrerte adresse i Folkeregisteret som røper klientforhold. Desse

Endringar i postloven (heimel for innhenting av opplysningar som er omfatta av teieplikt i Folkeregisteret)

opplysningane er det naudsynt for den leveringspliktige tilbydaren å kunne innhente frå Folkeregisteret for å sikre at teieplikta etter postloven vert overhalde.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i postloven (heimel for innhenting av opplysningar som er omfatta av teieplikt i Folkeregisteret).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i postloven (heimel for innhenting av opplysningar som er omfatta av teieplikt i Folkeregisteret) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i postloven (heimel for innhenting av opplysningar som er omfatta av teieplikt i Folkeregisteret)

I

II

I lov 4. september 2015 nr. 91 om posttjenester skal det gjerast følgjande endring:

Lova tek til å gjelde straks.

§ 37 a i kapittel 4 skal lyde:

§ 37 a *Forholdet til folkeregisterloven*

En leveringspliktig tilbyder kan uten hinder av taushetsplikt innhente fra Folkeregisteret opplysninger som er nødvendige for utførelsen av oppgaver etter loven her eller andre oppgaver som følger av lov.
